



NVE

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

## Høyringsfråsegn til 3 søknader og 14 meldingar om vindkraftverk og kraftliner i Sør og Nord Trøndelag.

Vi viser til «Vindkraft- og kraftledningsprosjekter sør og nord for Trondheimsfjorden - felles høring vår 2008», og sendar felles høyringsuttale for alle 17 saker, ut i frå at vi ser det som viktig å sjå desse sakene i samanheng.

*Av desse 17 sakene er det 3 søknader, Storheia, Roan og felles nettilknytning, der det er utført konsekvensanalysar. På grunn av at desse utgreiingane er særst mangelfulle, stiller vi krav om nye konsekvensutgreiingar for fugl, inngrepsfri natur og biologisk mangfald generelt for desse anlegga. Vi ser det som viktig å sjå alle sakene i samanheng, og krev at desse tilleggsutgreiingane inngår i felles utgreiingar for alle dei 17 sakene.*

## Generelt

Naturvernforbundet i Sør Trøndelag meiner at miljøkonsekvensane og konsekvensane for ei rekke brukarinteresser totalt sett er så massive at NVE bør ta initiativ til å få søkjarane om å trekke dei 17 søknadene og meldingane om vindkraft og kraftliner.

Vi vil i denne samanhengen vise til

- at dei samfunnsmessige fordelane av investering i landbasert vindkraft er små, samanlikna med dei samfunnsmessige konsekvensane av dei massive naturinngrepa
- at det finst alternative tiltak for energi som gir små inngrep, er rimelegare, og raskare gjev store energimengder mens det blir arbeid for å løyse ut dei store energimengdene til havs.
- at reindriftsnæringa på Fosen er under sterkt press frå storsamfunnet, og at dei planlagde anlegga i området vil vera med på å rive grunnen vekk under næringa.
- initiativet for å bringe område i Nord Fosen inn på verdsarvlista
- initiativet til å etablere kystnasjonalparker i dette området og i eit område knytt til Snillfjord, Hemne, Agdenes og Orkdal
- at anlegg i Midt Noreg som er i gang, med tillegg av Bessakerfjellet og Ytre Vikna vil gje 1,8 TWh, eller 60% av den nasjonale målsetjinga for vindkraft, og at det difor ikkje lenger er ei nasjonal målsetjing med ytterligare vindkraft i Midt Noreg.

## Våre forslag og krav

### Still klare kvalitetskrav til utgreiingane

Det bør vera opplagt at det er ikkje tilstrekkeleg med ei befaring i første veka av januar for å skaffe seg kunnskap om fugl under vår og hausttrekk og om korleis stadbundne fuglar ter seg i hekkese-songen. I tillegg er det slik at eksisterande kunnskap, generelt sett er alt for mangelfull til vurdering

av slike omfattande inngrep, slik at det er eit stort behov for nyregistreringar.

*For å unngå gjentakning av det som har skjedd under konsekvensutgreiingar ved utgreiingar for Storheia og Oksbåsheia, er det openbart at det må bli stilt klare krav om kvaliteten og omfanget på utgreiingane.*

*Ved så store og omfattande inngrep som det er tale om her, bør virkninga på fugl og biologisk mangfald elles, skje under styring av offentlege kompetente organ på området, som Direktoratet for Naturforvaltning og / eller Fylkesmennene og ikkje bli overlatt til energiselskapa med innleigde konsulentfirma.*

## **Felles konsekvensutgreiing for fugl**

*Det må bli utarbeidd ei felles konsekvensutgreiing for fugl for Trøndelag og Nord-Møre slik at ein får oversyn over den totale sumvirkninga regionalt, nasjonalt og internasjonalt av vindkraftutbygging langs kysten og områda i tilknytning til Trondheimsfjorden, og kva innvirkning enkeltanlegga har for dette. I denne samanhangen må ein også ta med virkninga av 420 kV kraftlina langs dette sårbare området. Vi ser det som uansvarleg å setja i gang behandling av enkeltanlegg utan at ein kjenner sumvirkningane. Stortinget har spesielt åtvare mot ei slik «bit for bit» forvaltning av naturen.*

Denne konsekvensutgreiinga må spesielt ta for seg:

Virkning på den regionale (og nasjonale) bestanden av stasjonær fugl på raudlista, som f. eks. kongeørn, smålom, hubro, jaktfalk, vandrefalk, fjellvåk m.m. I tillegg virkninga på andre sentrale artar utafor raudlista, som havørn, storfugl, rype m.fl. Det er mange artar som har lokale, og ofte ganske lange trekk, ikkje minst i tilknytning til næringsøk og pardanning i eit vidt område rundt Trondheimsfjorden.

Virkninga på trekkfugl, der kystområda og området rundt Trondheimsfjorden har nasjonal og internasjonal betydning for store bestandar av trekkfugl under vår og hausttrekket.

Erfaringa frå andre land tyder på at fugl under vårtrekket kjem fram til hekkeplassen i dårlegare form etter å ha blitt forstyrra av vindkraftanlegg undervegs.

I denne samanhangen viser vi til Noregs internasjonale ansvar for trekkande fugl i følge Bernkonvensjonen.

## **Felles konsekvensutgreiing for INON, andre viktige naturområde og det biologiske mangfaldet generelt**

*Det må bli utarbeidd ei felles konsekvensutgreiing for Trøndelag og Nord-Møre for tap av INON-område, andre viktige naturområde og det biologiske mangfaldet på grunn av vindkraftutbygging. Dei totale inngrepa kan bli så omfattande at desse tapa blir alvorlege, ikkje berre i regional, men også i nasjonal og internasjonal samanheng. Det er ikkje tilstrekkeleg å sjå på enkeltsakene kvar for seg.*

Vi vil her vise til nasjonale styringsdokument på området:

«Skal stanse tapet av norsk naturmangfald innan 2010»  
regjeringserklæringa (Soria Moria)

*”Fysiske inngrep og endret arealbruk utgjør den viktigste trusselen mot biologisk mangfold, og at summen av mange små inngrep som alene synes ubetydelige, utgjør en snikende fare for mange arter. Vi øker oppmerksomheten mot sum-konsekvenser av inngrep som hver for seg fremstår som små.”*

Energi og Miljøkomiteen om rikets miljøtilstand – Innst.S.nr.228 (2004-2005)

### Vi vil også vise til Riksrevisjonen oppsummering av tilstanden:

- *Dagens arealforvaltning bidrar til en nedbygging av områder som Stortinget har vektlagt skal ivaretas*
- *Store sammenhengende naturområder reduseres.*
- *Nedbyggingen har konsekvenser for viktige verdier som friluftsliv, kulturminner og kulturmiljøer, produktive jordressurser, kulturlandskap og det biologiske mangfoldet.*
- *Det mangler nasjonal oversikt over hvilke konsekvenser dagens arealforvaltning har for verdiene som skal ivaretas.*

Dokument nr. 3:11 (2006 –2007)

Utgreiinga må også ta for seg virkninga for dei ulike typane INON-område. Minst 4 anlegg er planlagde i INON-område som er samanhengande frå fjord til fjell. Nokre INON-område er i tilknytning til område som i stor grad framstår som urøyrde (mellom anna Storheia), og for nokre av desse områda er det mogleg å reversere eksisterande inngrep som flytting av kraftliner m.m. (mellom anna området sør for Snillfjorden).

Alle vindkraftplanar og eksisterande anlegg i Midt Noreg kan medføre tap av totalt 700-800 km<sup>2</sup> INON-område. Dei 17 sakene i Trøndelag som er på høyring denne gongen kan isolert sett medføre tap av 200 km<sup>2</sup> INON-område av ulike typear. Det er først når vi kjenner den totale virkninga, sumvirkinga på naturområda, både for INON og andre typar, at ein får oversyn over den reelle virkninga. Det er ikkje tilstrekkeleg å vurdere kvart anlegg for seg. I denne samanhengen er det vesentleg å få vurdert den totale virkninga på det biologiske mangfaldet ved tap av INON-område, sett ut i frå at det er få slike område att langs kysten av Trøndelag.

### ***Utgreiing av alternativ energiløysing***

*Vi krev at det, som ein del av meldingane og søknadene blir gjennomført ei utgreiing som viser ulike alternativ for å oppnå tilsvarande energimengd.*

Den totale investeringskostnaden for desse meldingane og søknadene vil bli ein stad mellom 25 og 35 milliardar kroner, og vil gje 6 TWh (når ein tek med Haraheia som ein del av Roan kraftverk), og kan medføre tap av omlag 200 km<sup>2</sup> inngrepsfri kystnatur.

Alle planane i Midt Noreg kan føre til eit tap av 700 – 800 km<sup>2</sup> inngrepsfri natur, medrekna dei anlegga som alt er i gang.

Meldingane og søknadene viser til samfunnsmessig behov for ny kraft, klima m.m. som grunnlag for at dei bør få konsesjon. Då må ein også krevja at også dette området blir underlagt konsekvensutgreiing på line med utgreiing av miljø, reiseliv etc.

### Lovgrunnlaget for å gje konsesjon til til å gjennomføre så store naturinngrep er at det dreier seg om samfunnsmessig oppgåver som er vurdert til å vera så viktige at naturvernet må vike.

Då er det tvingande nødvendig å få svar på desse spørsmåla før ein kan behandle ein konsesjon:

- Er dei samfunnsmessige fordelane av vindkraftanlegga så store at ein juridisk sett kan forsvare dei massive naturinngrepa?
- Finst det andre, og miljømessig betre løysingar, som sparar naturen for slike inngrep?

For å koma med nokre innspel som viser at ei slik utgreiing er nødvendig:

- «Energikrisa» er avlyst  
Ein har gjentekne gongar fått høyre at det er kraftkrise i Noreg og dermed behov for å

investere i vindkraft. Statnett går no inn for å revidere normalåret fordi tendensen er vesentleg meir nedbør på grunn av klimaendringane. Dei peiker samtidig på at mildare vintrar vil føre til mindre energibruk.

«Statnett tror ikkje lenger på et kraftunderskudd her i landet. Norge har trolig kraftbalanse i dag, mener sjeføkonom Jan Bråten i Statnett.» VG 22.02.2008.

Norsk kraftkrise er dermed ikkje eit argument for vindkraft. Her er det snakk om investering for eksport.

- Den nasjonale målsetjinga er nådd

Den nasjonale målsetjinga på 3 TWh vindkraft er i dag nådd, dersom ein reknar med igangsette anlegg og anlegg med konsesjon som ikkje er bygget over heile landet. Når Ytre Vikna og Bessakerfjellet er bygget, vil vindkraftanlegga i Midt Noreg yte 1,8 TWh, eller 60% av den nasjonale målsetjinga. Er 60% av landets vindkraft tilstrekkeleg for Midt Noreg?

- Stort potensiale i energisparing

- Forskningsrådets sluttrapport for Energi21 frå februar 2008:

*«I alle internasjonale analyser av hva som skal til for å legge om til et bærekraftig energisystem ligger endring i og reduksjon av energibruken øverst på tiltakslisten. Potensialet for reduksjon av forbruket hos energibrukerne er stort.*

*Erfaringstall viser at tiltak på produksjons- og infrastrukturen av verdikjeden vanskelig kan konkurrere kostnadmessig med sparte kWh hos sluttbrukeren.»*

- Naturvernforbunda i Midt Noreg har utarbeidd eit oversyn over energisituasjonen i Midt Noreg som viser at den sokalla kraftkrisa i Midt Noreg kan løysast med energisparing og energiomlegging i industri og bygningsoppvarming, kombinert med ny produksjon frå oppgradering av kraftverk, litt småkraft, og ferdigstilling av Bessakerfjellet. Dette gir 5 TWh innen 2012. Energisparetiltaka har ein vesentleg lågare kostnad enn tilsvarende ny produksjon av vindkraft og er utan miljøvirkning.

- Naturvernforbundet har i ein rapport frå mai 2008 påvist eit potensiale for energisparing og energiomlegging i bygningsoppvarming på 15 TWh. Dette er vesentleg rimelegare enn tilsvarende produksjon av ny vindkraft, og er utan miljøvirkningar.

«En kWh spart er bedre enn en kWh produsert»

[http://naturvern.no/data/f/1/18/79/3\\_2401\\_0/Innspart-kWh\\_12\\_juni-1.pdf](http://naturvern.no/data/f/1/18/79/3_2401_0/Innspart-kWh_12_juni-1.pdf)

- Naturvernforbundet sendte 16. juni 2008 eit brev til Regjeringa med forslag om å opprette eit «Lavenergiutvalg» som oppfølging av «Lavutslippsutvalget». Målsetjinga er å få ei utgreiing av tiltak, potensiale og virkemiddel.

<http://www.naturvern.no/cgi-bin/naturvern/imaker?id=118792>

- Alternativ energiproduksjon med mindre miljøkonsekvensar

- Aker Verdal leverer i dag stålunderstell til vindkraftinstallasjonar langt til havs på tysk sokkel. I følge Aker Verdal er det eit større område til havs, nær Ekofisk med tilsvarende forhold, som kan gje store energimengder, og som ligg nær eksportmarknaden for elektrisk kraft. Vi må rekne med at miljøkonsekvensane i dette havområdet er vesentleg mindre enn med landbaserte anlegg. Som Aker Verdal seier, teknologien for slik utbygging er ferdig – det er ikkje behov for å «øve seg på land».

- I «Klimaforliket» på Stortinget står det at ein skal oppgradere gamle kraftverk og kraftliner for å gje 20% meir energi (24 TWh). Dersom ein skal unngå alvorlege miljøkonsekvensar er nok dette for høgt, men det er mykje å hente. Vi vil her vise til ei rekke oppgraderingar av eldre verk i Trøndelag dei siste åra som har gjeve over 30% energiauke med minimale miljøkonsekvensar.

- Ei utgreiing av havbasert vindkraft har påvist eit nesten uavgrensa potensiale,

samanlikna med dagens vasskraft og potensiale for vindkraft på land. Fleire selskap har kome langt med flytande anlegg, og vi må rekne med at det kan skje mykje om 10 år. Miljøkonsekvensane er sannsynlegvis vesentleg lågare enn med landbaserte anlegg.

Det blir gjerne hevda at ein må «øve seg på land» først. Til det er å seia at denne påstanden dreier seg om næringspolitikk, om å utvikle norskproduserte vindturbinar, og har intet å gjera med utbygging av vindkraft. Ikkje minst vil vi vise til den tyske vindkraftindustrien som i dag leverer turbinar til havbaserte anlegg med understell frå Aker Verdal.

- **Konklusjon**

Det er i dag inga energikrise, verken i Noreg totalt sett (eller i Midt Noreg dersom ein er villig til å satse på energisparing). Ny kraftproduksjon, og frigjort kraft ved energisparing og energiomlegging vil i hovudsak gå til eksport.

Det er eit stort potensiale for energisparing i bygningsoppvarming og i industrien som raskt kan bli realisert (minst 30 TWh innan 2020). Potensialet for energi frå havbasert vindkraft er nesten uavgrensa (14 000 TWh), og faststående anlegg i grunne havområde kan allereie i dag byggjast ut. Det er eit sterkt utviklingsarbeid i gang på flytande, havbasert vindkraft.

Det er all grunn til å ha «is i magen» og satse på energisparing i dag, og utvikle havbasert vindkraft for framtida, i staden for å øydeleggja kystnaturen. Vi kan risikere å koma i ein situasjon om 10 år med ein øydelagt kyst med anlegg som produserer forsvinnande små mengder kraft, samanlikna med kva som etter kvart kjem frå havbaserte anlegg.

## Om enkeltanlegg

Vi vil gå inn på nokre få av enkeltanlegga, men vil elles peike på dei generelle krava våre om felles konsekvensutgreiingar for alle anlegga saman.

### **Tilleggsutgreiingar for Storheia, Roan og for samordna nettilknytning**

Konsekvensutgreiingane for fugl og virkninga på INON-område er særskild mangelfulle. Spesielt gjeld det fugl, der det er mangelfull kunnskap for områda frå før, og der ei befarung i starten av januar (Storheia) gir ingen ny kunnskap om trekkfugl, og om korleis stasjonær fugl ter seg i hekkesesong m.m.

For INON-område er det i liten grad gjennomført vurdering av at ein byggjar ned område som er i tilknytning til andre, nærliggjande viktige naturområde, slik at den reelle, regionale virkninga på naturmiljøet blir vesentleg større enn det som kjem fram i utgreiinga.

*Det må bli gjennomført nye konsekvensutgreiingar / tilleggsutgreiingar for fugl og for den reelle virkninga på naturområde (INON m.m.).*

*Desse utgreiingane må bli sett i samanheng med dei andre inngrepa i regionen og i Trøndelag, slik at ein får fram sumvirkningane.*

*Grenseområdet på kysten mellom Nord og Sør Trøndelag må bli vurdert i høve til å kunne oppnå status som verdsarvområde før ein går inn på konsesjonsbehandling av anlegg i dette området.*

## Storheia

### Fugl

I konsekvensutgreiinga for Storheia står det:

«Lite er kjent vedrørende trekkveger for sårbare fuglearter som lom, hubro og havørn etc.»

«Det er dog viktig å presisere at dette i stor grad bygger på antagelser da det i utredningsprogrammet ikke er stilt krav om trekkregistreringer av fugl over Storheia utover kjente trekkveger for rødlistede arter.»

Trekkvegar for langvegs trekkfuglar er ikkje omtalt ut over reine gjettingar. Informasjon om trekkvegar var frå befarung i området 03.01-04.01.2008.

For informasjon om trekkvegar for lokal fugl har konsekvensutgreiinga med befarung midtvinters liten verdi. Ein må sjølvsagt inkludere hekkeperioden og perioden då ungfuglar øver seg.

Dette har då også konsulentent peika på:

«Det bør gjennomføres oppfølgende undersøkelser i plan- og influensområdet i hekkesesongen for å dokumentere status for rødlistede hekkende rovfugler og ugler som hubro, kongeørn, havørn (ikke rødlistet) fjellvåk og vandrefalk.»

### **Krav om stans av turbinane i periodar?**

I andre land har det vore stilt krav om stans av fleire av turbinane i dei mest sårbare periodane, og det er eit krav det vil kunne vera naturleg å stille, også for Storheia dersom området skulle bli bygget ut. For å ha verdi, må eit slikt krav inn allereie i konsesjonen, slik at det er nødvendig med registrering som kartlegg aktiviteten heile året, spesielt vår og haust. Informasjon om trekkfuglar er ikkje-eksisterande, og her må ein sjølvsagt ha med seg sesongen for vår- og hausttrekk.

Hovudkonklusjonen for fugl i konsekvensutgreiinga er for svak:

«Omfanget av inngrepet vurderes som middels til stort da tiltaket vil kunne redusere artsmangfoldet i området, ved at rødlistede og fåtallige arter, spesielt hubro, kan midlertidig forsvinne som hekkefugl i anleggsfasen, og muligens permanent i driftsfasen.»

Vilkåret for å oppretthalda ein bestand av truga artar er ofte så marginalt, at det ikkje skal stort til for at bestanden døyr ut over tid. Det er difor grunn til å frykte at spesielt hubro, jaktfalk, smålom og kongeørn vil forsvinne permanent, også frå dette området i landet.

Ut i frå dette er det ingen tvil om at konsekvensen av inngrepet har *stor negativ konsekvens*, ikkje minst fordi Storheia er eit så stort og unikt område langs denne delen av kysten, slik at eit inngrep her vil ha spesielt stor betydning.

Fagkonsulentent peiker på at det er viktig å sjå Storheia i samanheng med andre anlegg:

«Etter fagutreders vurdering bør det gjøres en sumvirkningsvurdering av alle planlagte vindkraftanlegg på Fosen for å vurdere totalkonsekvensene for naturmiljø, og spesielt for truede fuglearter.»

*Det må bli gjennomført ny konsekvensutgreiing for fugl og naturmiljø generelt for Storheia. Denne konsekvensutgreiinga må bli ein del av ei felles konsekvensutgreiing for heile Trøndelag.*

## **INON**

Aust for Storheia er det eit større område som i stor grad framstår som urøyrd og villmarksprega, men som mista status som inngrepsfritt område i perioden 1983-2003. Sett i samanheng med dette området, aukar verdien på INON-området i Storheia for «villmarksprega artar» m.m. Dette er i liten grad problematisert i utgreiinga, og bør få sterkare vektlegging, då det er få, om ingen andre, slike store INON- og INON-liknande område att i kystnære område i Trøndelag.

Tap av INON er oppgjeve til 36 km<sup>2</sup>, men vi vil hevde at det reelle tapet av villmarksprega natur er vesentleg større når ein ser området i samanheng med naboområda i aust og i sør.

Vi vil anslå det reelle tapet til å vera minst 50 km<sup>2</sup>.

*Det må bli gjennomført ei ny vurdering av virkninga på INON-område og nærliggjande naturområde ved Storheia.*

## **420 kV kraftline Roan – Surnadal**

For å byggja ferdig Bessakerfjellet og byggja ut Ytre Vikna er det ikkje behov for denne kraftlina. Etablering av lina er uløseleg knytt til vindkraftanlegg med store inngrep på Fosen og i Snillfjordsområdet, og vil utgjera eit press for ytterligare utbygging. Kraftlina i seg sjølv er eit stort og risikabelt inngrep langs kysten, midt gjennom nokre av dei rikaste områda for fugl, ikkje minst trekkfugl.

Vi er prinsipielt mot bygging av denne kraftlina og viser til krav om felles konsekvensutgreiingar for alle anlegga på område som fugl / biologisk mangfald og INON, og viser til våre merknader om kvalitetskrav til desse utgreiingane.

*Vi stiller krav om utgreiing av jordkabel som alternativ til luftline i viktige konfliktområde. I denne samanhengen viser vi til Stortingets behandling av kraftliner / jordkabler i 2007 og til samarbeidet mellom Statnett og Svenske Kraftnätet om utvikling av nye og rimelegare løysingar for jordkabel basert på likespenning.*

*Ettersom denne kraftlina utelukkande blir etablert på grunn av planlagde vindkraftanlegg, ser vi det som prinsipielt rett at heile, eller vesentlege delar av kostnaden med lina blir fordelt på vindkraftanlegga og ikkje blir sett på som ein del av stamnettet der kostnadene blir lagt inn i vår felles nettariiff. Vi ber om ei utgreiing av dette spørsmålet.*

## **Anlegga i Snillfjord, Hemne og Orkdal**

Vi vil spesielt nemne at Heimsfjellet og området nord for Snillfjorden er to store INON-område som er samanhengande frå fjord til fjell, område som det er spesielt sterkt vern av, og som det er særst lite att av i Sør Trøndelag.

I nasjonale retningsliner for lokalisering av vindkraftanlegg står det uttrykkeleg at her er det særleg stor konflikt, og at i slike område skal ein i utgangspunktet ikkje leggja vindkraftanlegg.

Området sør for Snillfjorden kan «enkelt» bli tilbakeført til eit INON område som er samanhengande frå fjord til fjell, dersom ei 132 kraftline frå Krokstadøra til Holla blir lagt om (konsepsjonen løper ut 01.01.2012). Dette området bør difor også bli behandla som eit område der det ikkje skal etablerast vindkraftanlegg, og kan med tida bli eit viktig eksempel på korleis ein kan reversere tidlegare inngrep.

Vargheia vindkraftanlegg er næraste nabo til eit viktig verneområde, Grytdalen, vil få stor innvirkning på verneinteressene i Grytdalen, og må i utgangspunktet bli avvist. *Vi ber spesielt om utgreiing av innvirkninga på verneinteressene i Grytdalen verneområde.*

## **Kystnasjonalparker**

Naturvernforbundet i Sør Trøndelag har teke initiativ til å få vurdert kystnasjonalparker, ut i frå at alle nasjonalparker i dag ligg i høgfjellet, mens det er lite vern av den varierte og rike kystnaturen.

I utgangspunktet er det ikkje aktuelt med nasjonalpark av tradisjonell type, då lovverket peiker på store, samanhengande inngrepsfrie område. Vi ønskjer difor vurdert eit vern der ein ser nærliggjande inngrepsfrie område i samanhang, med felles verneforskrift. Det er to område som peiker seg spesielt ut, og det eine er delar av Hemne, Snillfjord, Agdenes og vestre del av Orkdal, og det andre er på Nord Fosen, med utgangspunkt i Roan, Flatanger m.m.

Den gjenverande inngrepsfrie kystnaturen i Trøndelag er under sterkt press frå vegbygging, kraftliner, hyttebygging og ikkje minst vindkraft. Presset er så stort, at det hastar dersom ein skal

bevare noko av denne unike kystnaturen som grunnlag for biologisk mangfald, oppleving, turisme, og ikkje minst som ei gåve til våre etterkomarar.

Det er også slik at desse områda er så spesielle at ein også må få ei vurdering av om dei høyrer heime på den internasjonale verdsarvlista. Ikkje minst gjeld dette område på Nord Fosen.

Det er også slik at ein med relativt «enkle» grep, som omlegging av kraftliner kan auke det inngrepsfrie arealet vesentleg, og dermed auke kvaliteten og utstrekninga til slike «kystnasjonalparkar».

*Vi ber om at det, som ein del av konsekvensutgreiingane, blir gjennomført ei vurdering av grunnlaget for å etablere «kystnasjonalparkar» og grunnlaget for å få område i regionen inn på den internasjonale verdsarvlista.*

## **Allmannaretten, retten til fri ferdsel**

Vindkraftanlegga er legg beslag på store areal der ein tidlegare kunne ferdast fritt. Dei planlagde anlegga i f.eks. Snillfjord kommune, legg beslag på 25% av kommunens landareal. På grunn av det visuelle, støy, fare ved visse værtypar (iskasting) og risiko ved sterk vind, er i utgangspunktet desse anlegga fjerna frå område der ein kan ferdast fritt ut i frå allmannaretten.

Som ein del av konsekvensutgreiingane har det vore gjennomført vurderingar av friluftsliv m.m., men her dreier det seg mest om kva som blir brukt i dag, lite om kva som kan bli brukt i framtida, og lite om kva hindringar slike anlegg reelt sett set for friluftslivet og den frie bruken av utmarka.

Dette er spesielt og nytt for kraftutbygging basert på vind, og er ein faktor som i mindre grad har vore sentral ved tidlegare vasskraftutbygging.

Når så store areal reelt sett blir fjerna frå allemannsretten, der retten til fri ferdsel og bruk av utmarksressursar som bær er sentralt, så er det behov for ei rettsleg vurdering av inngrepa.

*Vi ber om ei juridisk vurdering av allemannsretten sett i høve til dei arealkrevjande inngrepa, areal på mange titals kvadratkilometer ved kvar anlegg, som reelt sett blir fjerna frå retten til fri ferdsel.*

Med helsing

Mads Løkeland

Naturvernforbundet i Sør Trøndelag